







Vestland  
fylkeskommune

# Å jobbe med politiske saker

Seniorrådgjevar Ruth Ørnholt, Vestland fylkeskommune

# Bibliotekplanlegging







## Politisk prosess

- Planprogram med vedtak om at det skal lagast kulturplan
- Oppstartsak med oppnemning av saksordførar
- Saksordførar er med på innspelsmøter
- Vedtak om høyring
- Vedtak plan
- Årleg handlingsprogram
- Årleg rapportering

# Bokbåtsaka på fylkestinget i juni 2020

## Vedtak

1. Vestland fylkeskommune sin bibliotekpolitikk har som føremål å støtte og utvikle regional infrastruktur og tenester, jamne ut forskjellar mellom biblioteka, og gje grunnlag for fagleg utvikling og gode nettverk i samarbeid med kommunane i heile fylket.
2. Vestland fylkeskommune avsluttar bokbåttenesta etter vårsesongen 2020. For å utvikla mobile bibliotektenester i heile fylket, vert det etablert ei tilskotsordning til interkommunale og kommunale tiltak. Fylkestinget understrekar at ei slik ordning både skal kunna gje tilskot til tradisjonelle bibliotektenester og til tiltak som kan fungera som mobile kulturhus/møteplassar.
3. Fylkestinget vil prioritere tiltak med utjamnande effekt, mellom anna ved å etablere tilskotsordningar som støttar fornying av biblioteklokale, tilskot til interkommunale og kommunale kulturprosjekt og kompetanseheving i samarbeid med kommunane.






# Kva skjer med midlar som vart nytta til bokbåten ?



Transport  
40 kommunar  
65 stoppestadar



Modellbibliotek  
3-4 nye prosjekt



Ny ordning:  
Tilskot til mobile  
bibliotektenester

**Stord folkebibliotek**  
4. november kl. 11:32 -  
Gøy med ny kunnskap om alt som flyt på innsida av kroppen 😊 70 elever på Nordbygdo ungdomsskule fekk høyra den engasjerte forskingsformidlaren og forfattaren Åsmund Eikenes fortel om kroppsvæskene våre. Takk til Hordaland fylkesbibliotek og #Bokåret og #Falturiltu - Nynorsk barnebokfestival



Interkommunale  
bibliotekprosjekt

# Budsjett 2021

- Samanheng med politiske vedtak og planar



## Løyvingsnivå: Bibliotekutvikling

| Bibliotekutvikling         | Budsjett 2020 | Budsjett 2021 |
|----------------------------|---------------|---------------|
| Adm. bibliotekutvikling    | 9 924         | 8 784         |
| Bibliotekprosjekt          | 1 150         | 1 350         |
| Tenester til bibliotek     | 3 822         | 3 823         |
| Sum brutto driftsutgifter  | 14 896        | 13 957        |
| Sum brutto driftsinntekter | -2 262        | -2 262        |
| Netto driftsutgifter       | 12 635        | 11 695        |

### Oppgaver og tenesteproduksjon

Etter Folkebiblioteklova §6 skal fylkeskommunen ivareta regionale bibliotekoppgaver og regional bibliotekutvikling, medrekna å gi råd til lokale styresmakter, yte bibliotekfagleg rettleiing og assistanse, og arrangere møte og kurs om bibliotekspørsmål. I tillegg til dette er Seksjon bibliotekutvikling i Vestland fylkeskommune rådgjevar for biblioteka i vidaregåande opplæring. Seksjonen initierer, leier og støttar utviklingsarbeid i biblioteka i tråd med Nasjonal bibliotekstrategi 2020 – 2023 og gjeldande regionale kulturplanar i Hordaland og Sogn og Fjordane.

### Kort omtale av delspesifikasjonane

#### Adm. bibliotekutvikling

Administrasjonskostnadene er noko redusert. Dette skuldast overføring av ei merkantil stilling frå bibliotekutvikling til stab og 0,5 stilling redusert ved naturleg avgang.

#### Bibliotekprosjekt

Fylkestinget vedtok i juni 2020 (PS 50/2020) at det for å utvikle mobile bibliotektenester i heile fylket, vert etablert ei tilskotsordning til interkommunale og kommunale tiltak. Ordninga skal både kunna gje tilskot til tradisjonelle bibliotektenester og til tiltak som kan fungere som mobile kulturhus/møteplassar. Fylkestinget vil prioritere tiltak med

utjamnande effekt, mellom anna ved å etablere tilskotsordningar som støttar fornying av biblioteklokale, tilskot til interkommunale og kommunale kulturprosjekt og kompetanseheving i samarbeid med kommunane.

I budsjettet er det sett av midlar til tre tilskotsordningar:

1. Fornyng av biblioteklokale kr 40 000.
2. Interkommunale og kommunale prosjekt kr 250 000
3. Tilskot til mobile kulturhus/møteplassar kr 500 000

Kriteria for ordningane og tildelingar vil bli handsama i Hovudval for Kultur, idrett og integrering.

#### Tenester til bibliotek

Fylkeskommunen utjamnar skilnader mellom dei kommunale folkebiblioteka m.a. ved å organisere og delfinansiere ei transportordning mellom biblioteka i fylket og eit konsortium for innkjøp og utlån av e-bøker og andre elektroniske ressursar. Det er vedtatt eit mål om at fylkeskommunen skal bidra med 1/3 av det totale budsjettet til innkjøpskonsortiet for digitale ressursar (PS 45/2020). For 2021 er det budsjettet med kr 850 000 til innkjøp av e-bøker mm. Fylkeskommunen bidrar med 27 % av kostnadene.

Andre bibliotektenester til kommunane er utvikling av biblioteknettstader, utlån av klassesett og ulike tiltak for å stimulere lesing blant barn og unge.



# Auke i verkemidlar på 1 mill frå 2016 - 2021

| Bibliotekprosjekt | Tenester til bibliotek |
|-------------------|------------------------|
| 2016: 305 000     |                        |
| 2017: 915 000     |                        |
| 2018: 1 000 000   | 1 270 000              |
| 2019: 1 109 000   | 1 470 000              |
| 2020: 1 150 000   | 3 822 000              |
| 2021: 1 350 000   | 3 823 000              |

## Saksgang

| Utval  | Utv.saksnr. | Møtedato   |
|--|-------------|------------|
| Hovudutval for kultur, idrett og integrering |             | 13.01.2021 |

### Tilskotsordningar og retningsliner bibliotekutvikling 2021

Forslag til vedtak:

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek at Vestland fylkeskommune gjennom budsjettposten «Bibliotekprosjekt» lyser ut dei vedtekne tilskota på til saman 1 350 000 til utvikling av kommunale bibliotektenester i Vestland.
2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek retningslinjer og innretning for tilskot til utvikling av folkebiblioteklokale
3. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek retningslinjer og innretning for tilskot til prosjekt og kompetanseheving i biblioteka
4. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek retningslinjer og innretning for tilskot til mobile bibliotektilbod

Samandrag

Fylkesdirektør rår til at det på bibliotekfeltet blir etablert og lyst ut tre tilskotsordningar for prosjekt og tiltak som har til overordna føremål å støtte og utvikle regional infrastruktur og tenester, jamne ut forskjellar mellom biblioteka, og gje grunnlag for fagleg utvikling og gode nettverk i samarbeid med kommunane i heile fylket. Moglegheita til å gjennomføre eit breitt spekter av tiltak vil kunne bidra til at innbyggjarane i kvar einskilt kommune får eit betre bibliotektilbod.



## Saksgang

| Utval  | Utv.saksnr. | Møtedato   |
|--|-------------|------------|
| Hovudutval for kultur, idrett og integrering |             | 25.05.2021 |

# Eksempel på vedtak

## Tildeling - Tilskot til utvikling av folkebiblioteklokale 2021

### Forslag til vedtak:

Vestland fylkeskommune løyver totalt 650 000 kr til utvikling av folkebiblioteklokale i kommunane. Tilskota vert fordelt slik:

| Søknad nr. | Søklar    | Prosjektnamn  | Tildeling |
|------------|-----------|---|-----------|
| 1          | Stryn     | Digital formidling i biblioteklokalet                                   | 20 000    |
| 2          | Sunnfjord | Nye løysingar for betre besøksoppleving ved Førde bibliotek i Sunnfjord | 100 000   |
| 3          | Luster    | Service - og opplevelsesplassen   | avslag    |
| 4          | Eidfjord  | Mot lysare tidar  | 20 000    |
| 5          | Austrheim | Bibliotek på bakkeplan  | avslag    |
| 6          | Årdal     | Ut av hylla   | 10 000    |
| 7          | Voss      | Digitalt titteskåp  | avslag    |
| 8          | Gloppen   | Folk, fargar, fakta og fantasi  | 150 000   |
| 9          | Fitjar    | Fitjar folkebibliotek - ein god stad å møtast                           | avslag    |
| 10         | Lærdal    | Meirope bibliotek   | 100 000   |
| 11         | Kinn      | Meirope bibliotek   | 150 000   |
| 12         | Høyanger  | Renovering av Høyanger folkebibliotek                                   | avslag    |
| 13         | Austevoll | Eit spelerom for alle   | avslag    |

Gloppen kommune får totalt ei løyving på 250 000 kr. Av desse vert 100 000 kr disponert av fylkeskommunen til interiørarkitekttenester.

## Saksgang

| Utval  | Utv.saksnr. | Møtedato   |
|--|-------------|------------|
| Hovudutval for kultur, idrett og integrering |             | 14.06.2021 |

## Tildeling – tilskot til mobile bibliotektilbod

### Forslag til vedtak

1. Tysnes kommune får tildelt kr 180 000 til eit mobilt minibibliotek.
2. Voss herad får tildelt kr 320 000 til delfinansiering av innkjøp av ny bibliotekbuss. Ved vidareføring av tilskotsordninga, er det høve til å søkje om ytterlegare tilskot.

### Samandrag

Vestland fylkeskommune avslutta bokbåtenesta etter vårsesongen 2020. For å utvikle mobile bibliotektenester i heile fylket, er det etablert ei ny tilskotsordning. Ordninga skal kunna gje tilskot både til tradisjonelle bibliotektenester og til tiltak som kan fungera som mobile kulturhus/ møteplassar.

Føremålet med ordninga er å støtte investering i mobile einingar, for å gi innbyggjarar med lang veg til næraste bibliotek tilbod om kunnskap, litteratur og kulturopplevingar. Tilskotsordninga er eit bidrag i fylkeskommunen sitt arbeid med å utjamne forskjellar mellom bibliotek og utvikle tilgang til eit godt bibliotektilbod til fleire. Det kom inn to søknader innan fristen med planlagde investeringar i ulike tiltak, som begge støttar føremålet med ordninga og kriteria for tildeling.

27.-28. april 2020

HALMSTAD

ODENSE

TØNSBERG

HALMSTAD  
KONFERENCEN

Den Nordiske Bibliotekskonferencen

HALMSTAD-KONFERENCEN

ODENSE 27.-28. APRIL 2020

## FIRST CALL

### BIBLIOTEKET I VELFÆRDSSAMFUNDET

Har bibliotekerne en værdi - og hvor ligger den?

Bibliotekerne er kultur, læsning, dannelse, demokrati, integration og medborgerskab – og meget mere. Det moderne bibliotek rummer og faciliterer meningsfulde fællesskaber og den demokratiske samtale. Det er vi rigtig gode til!

Folkebibliotekerne i Norden opererer i vidt omfang på samme klinge i samklang med de kommunale systemer og brugerne. Bibliotekerne støtter og skaber indsatser, som har til formål at skabe debat og sikre fri og lige adgang til viden læring for alle uanset alder, køn, etnicitet og vilkår. Det er stadig det fundament folkebibliotekerne hviler på.

Moderne folkebiblioteker er ikke kun boglagre – de er aktive arenaer for udvikling lokalt, nationalt og internationalt sammen med borgerne og beslutningstagerne. Folkebibliotekerne understøtter uddannelse, børns læsning, betjener syge og handicappede, og sætter dermed aftryk på mange dele af samfundet.

#### **MEN – BIBLIOTEKERNE ER OGSÅ UNDER STÆRKT ØKONOMISK PRES!**

Det kalder på en vigtig diskussion om, hvordan vi bedst sætter bibliotekernes værdi på velfærdsdagsordenen?

HALMSTAD-KONFERENCEN 2020 er dedikeret til at dagsordensætte og anskueliggøre den værdi, bibliotekerne skaber i lokalsamfundet.

Vi har inviteret en række markante fagpersoner, eksperter og debattører til at give eksempler på "velfærdsnære" områder, hvor bibliotekerne er involveret.

## Invitasjon til konferanse

Halmstadkonferansen

Bibliotekmøtet i Oslo 2022



---

Saknr: 2020/35289-4  
Saksbehandlar Ruth Ørnholt  
Dato: 24.01.2020

---

# Søknader

- orientering om innsendt søknad/  
tildeling/avslag
- rapport

---

**Til:** Hovudutval for kultur, idrett og integrering

---

**Frå:** Fylkesdirektør kultur, idrett og inkludering

---

## Søknad til Nasjonalbiblioteket om midlar til formidling i bibliotek

Nasjonalbiblioteket lyste i desember ut midlar til tiltak for å bidra til å styrke folkebiblioteka som aktive formidlarar overfor befolkninga. Søknadsfristen var 20.01.2020.

Utlysinga tok utgangspunkt i [Nasjonal bibliotekstrategi 2020-2023](#), der formidling er eit av tre hovudområde.

Målet er å vidareutvikle biblioteka og styrke dei som folkeopplysnings- og dannelsesinstitusjonar. Et stort mangfald av litteratur og kunnskap, samlingar og kjelder skal formidlast og spriast på ein aktiv måte. Gjennom tiltaka ønskjer Nasjonalbiblioteket å nå nye brukarar med litteratur og lesing, få fleire til å lese og auke utlånet frå biblioteka.

Biblioteka skal vere opne institusjonar som er til stades der innbygarane er og skal tilby sine tenester også utanfor bibliotekrommet. Lesinga, litteraturen og biblioteket skal synleggjerast på arenaer der det er mogleg å nå dei gruppene som ikkje les eller normalt ikkje nyttar bibliotektenester.

Målet er vidare at folkebiblioteka skal bygge erfaringar og kompetanse og prøve ut metodar for formidling, som på sikt vil kunne inngå i dagleg drift i biblioteka.

I Vestland fylke der 59 kommunar er blitt til 43, har forskjellane mellom biblioteka auka. Det er viktig å støtte opp for fullverdige og gode bibliotektenester i utkantar, så vel som i tettbygde strøk.

Avdeling for kultur, idrett og inkludering v/ Seksjon for bibliotekutvikling har søkt om kr 870 000 til fleire tiltak med visjon om at biblioteksektoren i Vestland fylke samlast og styrkast gjennom å skape forpliktande partnerskap, lokale arrangement, auka kompetanse, oppsøkande litteraturformidling og digitale vegar til litteraturen.

Søknad med planlagde aktivitetar og tiltak, er vedlagt.

# Informasjon om tildeling

---

**Til:** Hovudutval for kultur, idrett og integrering

---

**Frå:** Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering

---

## Tilskot frå Nasjonalbiblioteket til utviklingsprosjekt i Vestland fylke

Vestland fylkeskommune fekk i april 2021 tildeling til to prosjekt knytt til Nasjonalbiblioteket si utlysing av midlar til utviklingsprosjekt i folkebibliotek, fag- og fylkesbibliotek. I tillegg var fylkeskommunen deltakar på to andre prosjekt som også fekk tildeling. Tiltaksmidlane er ein del av Nasjonal bibliotekstrategi 2020–2023, og satsingsområda i denne tildelingsrunden var samarbeid, berekraft og open forskning.

Desse prosjekta fekk tilskot:

### *Å Vestland, Vestland! - nye og revitaliserte samarbeid i eit nytt fylke*

Tildeling: kr 300 000 i 2021. Forventa tildeling på kr 200 000 i 2022.

Søklar: Vestland fylkeskommune

Prosjektet har som mål å styrke tenestene til bibliotekbrukarane i fylket gjennom nye former for samarbeid, revitalisering av eksisterande samarbeid, og etablering av ein ny digital samarbeidskultur. Interkommunalt biblioteksamarbeid er ei viktig kjelde til fagleg utvikling. Samarbeida fungerer som lærande nettverk, og bidrar både til felles ressursutnytting, betre bibliotektenester og til styrka kompetanse. Som følgje av kommune- og regionreforma er det behov for å vurdere dei eksisterande regionale samarbeida på nytt. Eit større kollegium kommunalt og regionalt dannar også nye rom for samarbeid.

### *Kortreist kunnskap i kombinasjonsbibliotek*

Tildeling: kr 125 000 i 2021.

Søklar: Vestland fylkeskommune i samarbeid med kommunane Fitjar, Gloppen, Stadt, Stryn, og Bergen.

I prosjektet skal dei fem kommunane i Vestland som har kombinerte folke- og skulebibliotek i vidaregåande skule, med utgangspunkt i breidda av dei samla ressursane på kvart bibliotek, utvikle betre tilbod og tenester til brukarar i lokalsamfunnet og til elevar og tilsette ved skulen. Prosjektet skal utforske nye måtar å samarbeide på mellom folke- og skulebiblioteket for å synleggjere folkebiblioteka sitt innhald som opplysnings- og danning sinstitusjonar for skulen, og skulen sin kompetanse for folkebiblioteket sine brukarar.

### *LESEDIGG: Digital litteraturside for barn*

Tildeling: kr 300 000 i 2021.

Søklar: Nynorsk kultursentrum i samarbeid med Vestland fylkeskommune, LNK, Nynorsksenteret,

Saksnr: 2021/16174-3

Side 2 av 2

Framtida junior, Pirion, og folke- og skulebibliotek på Vestlandet.

I prosjektet vil ein gå saman om å utvikla ei digital litteraturside som rettar seg mot barn på barnetrinnet. Målet er å få fleire til å lesa, styrka lesekompetansen og gjera litteraturen lettare tilgjengeleg for barn. Innhald skal kunna integrerast på eksisterande biblioteknettsider både for folke- og skulebibliotek.

### *Felles drift av digitale innholdstjenester*

Tildeling: kr 950 000 i 2021.

Søklar: Vestfold og Telemark fylkesbibliotek i samarbeid med fylkesbiblioteka i Agder og Rogaland. Vestland fylkeskommune bidreg som støttespelar saman med sju andre fylke. Prosjektet tek sikte på å lage ein modell for felles anskaffing og drift av digitale innholdstjenester, i tillegg til marknadsføring, statistikk-handtering, kursing av tilsette, og teknisk utvikling knytt til sluttbrukaren si oppleving av innholdstjenesta. Ein vil bidra til å utjamne det digitalt bibliotektilbod i landet, profesjonalisere anskaffing og styrke forbrukarmakta til biblioteka. Prosjektet vil dekke innholdstjenester som ikkje allereie er dekkja av Nasjonalbiblioteket.



---

Saknr: 2020/41567-1  
Saksbehandlar: Sigrid Furnes, Siv Merethe  
Hatlem  
Dato: 23.02.2020

---

---

Til: Hovudutval for kultur, idrett og integrering

---

Frå: Fylkesdirektør kultur, idrett og inkludering

---

### Gjennomføring av Bokåret 2019 i Hordaland og Sogn og Fjordane

Bokåret var ei nasjonal feiring av boka, lesing og lesarane som gjekk gjennom heile 2019. Det var ei markering av at det var 500-årsjubileet sidan dei to første norske bøkene vart trykte. Noreg var gjesteland på bokmessa i Frankfurt og det vart frå regjeringa delt ut 30 millionar i støtte til litterære arrangement over heile landet. 15 millionar gjekk til folkebiblioteka, resten til frivillige organisasjonar. Målet for løyvinga til biblioteka var 500 arrangement i 500 bibliotek i løpet av året.

Hordaland fylkeskommune v/fylkesbiblioteket fekk på vegne av 32 kommunar (alle utanom Bergen), kr 800 000 frå Nasjonalbiblioteket til eit prosjekt kalla Ordstraum. Målet var å gjennomføre 206 arrangement på 206 stader i 32 kommunar og dermed auke interessa for bøker og lesing og skape større leseglede for alle innbyggjarane i fylket. Arrangementa skulle ha ulik form og nytte fleire formidlingskanalar - frå lesing og formidling av den analoge og taktile boka, til strøyming av e-bøker, podcast og forfattarmøte gjennom nettstader og digitale media. Arrangementa skulle gå føre seg ved alle avdelingar i dei kommunale folkebiblioteka, 32 hovudbibliotek og 27 filialar, på 98 av stoppestadane til dei fire kommunale bokbussane og på 49 av stoppestadane til bokbåten Epos.

Av løyvinga gjekk kr 535 000 til turnear som fylkesbiblioteket organiserte og fordelte mellom biblioteka i Hordaland. Dei resterande midlane vart fordelt til dei einskilde biblioteka etter ein fordelingsnøkkel, der kvart hovudbibliotek fekk kr 7 500 og kvar bibliotekfilial kr 1 500.

Aktivitetsnivået var stort ved alle biblioteka i Hordaland. 287 program vart organisert via fylkesbiblioteket, medan biblioteka sjølve organiserte 202 tilskippingar. Til saman var det 18 282 tilhøyrarar. Arrangementa og tiltaka var varierte og retta mot ulike brukargrupper. Bibliotektilsette bidrog mange stader med eventyrstunder for dei aller minste, fleire lesegleddarar var i sving, det vart skipa til flotte arrangement for ungdom. Fleire regionsamarbeida gjekk saman om mindre turnear av ulikt slag. Det vart skapa blest om lokale forfattarar som Einar Økland, Vegard Markus og Johannes Heggland og det vart arrangert turnear med veletablerte forfattarar som Maria Parr, Vigdis Hjorth, Edvard Hoem og Hans Olav Lahlum.

I Sogn og Fjordane søkte biblioteka sjølve om midlar frå den nasjonale potten. 23 av 25 bibliotek fekk til saman kr 630 000. Fylkesbiblioteket gav råd og rettleiing i søkeprosessen. Fylkesbiblioteket var med som ein av samarbeidspartane på ein felles søknad ved Landssamanslutninga av nynorsk kommunar og Nynorsk kultursentrum. Det vart løyvd kr 500 000 til ulike tiltak spreidd rundt i landet for å feire den nynorske barne- og ungdomslitteraturen i Bokåret 2019. Nynorske Barnebokfestar vart halde i Luster, Førde og Eid. Fylkesbiblioteket bidrog med lesegleddarar som formidla nynorske barnebøker og arrangerte Bamelitterære fagdagar for over 70 lærarar og bibliotekarar.

## Gjennomførte tiltak/aksjonar



Saknr: 2020/41567-1

Side 2 av 2

Folkebiblioteka har teke formidlingsansvaret sitt på alvor, og målet med Bokåret har blitt meir enn oppfylt. Folkebiblioteka har i større grad lagt til rette for deltaking i samtalar og debattar og det har vore fokus på mobile bibliotektenester som litteratur- og kulturarenaer.

Nasjonalbiblioteket sin strategi med auka fokus på aktiv formidling, både gjennom tradisjonell og digital formidling var i fokus gjennom heile 2019. I søre delen av fylket har fylkesbiblioteket vore aktiv leverandør og tilretteleggjar for programseriar. I nord har samarbeidet innan regionane blitt styrka og ein har vore med i ei nasjonal satsing på formidling av nynorsk barnelitteratur. Det er verdifullt å bygge vidare på erfaringar frå begge fylka når fylkeskommunen skal arbeide med å auke formidlingskompetansen blant bibliotektilsette og stimulere folkebiblioteka i Vestland til å skipe arrangement i biblioteka.

Hordaland fylkeskommune har kr 57 000 i unyttar løyving frå Nasjonalbiblioteket etter Bokåret 2019. I samband med rapportering, vil det bli søkt om at desse midlane kan nyttast til å støtte arrangement i heile Vestland fylke i 2020.



# Hvorfor jobbe med politiske saker?

- Fagseksjonene skal være tydelige for politikerne i hovedutvalget
- Tilstedeværelse på møter og befaringer er en påminning om «bibliotek» som fagfelt
- Fører til kunnskap om oppgavene våre og forståelse for hva budsjettet brukes til
- Fører til økt status for bibliotek som arbeidsfelt i fylkeskommunen



Linja



Fylkesdirektør Rune Haugsdal




Avdelingsdirektør kultur, idrett og inkludering Per Morten Ekerhovd

Seksjonsleiar




# IFLA

- Public Libraries Section
- Management and Marketing Section
- Inspirasjon
- Faglig utvikling
- Nettverk
- Bidra med erfaring og talent







# Future IFLA Congresses

Locations for future IFLA Congresses include:

- 2022 Dublin, Ireland (24-28 July)
- 2023 Rotterdam, Netherlands

# Erasmus+ (2021-2027)

## Mobilitet i voksenopplæringen



Erasmus+  
Enriching lives, opening minds.

- Mulighet for bibliotekansatte til å heve sin kompetanse, utveksle erfaringer med kolleger i andre land samt styrke sine ferdigheter og kvalifikasjoner
- Støtte til deltaking på kurs eller konferanser og reise på jobbskygging
- Enten gruppemobilitet eller individuelle læringsmobiliteter
- Kan invitere utenlandske eksperter
- Gjelder: De 27 EU-landene, samt Island, Liechtenstein, Nord-Makedonia, Serbia og Tyrkia. Det er ikke nødvendig å vite hvor reisen går på søknadstidspunktet.
- Prosjektmidlene dekker reisekostnader, kost og losji samt eventuelle kursavgifter etter faste takster
- Institusjonene får en administrativ støtte for alle som reiser.

# Akkreditering av et konsortium

- Fylkesbibliotek som ønsker å bli akkreditert for å søke om mobilitetsmidler på vegne av bibliotekene i et fylke må søke om akkreditering av et konsortium.
- Alle ansatte som er tilknyttet konsortiet kan delta i aktivitetene. Det gjelder både ansatte hos koordinator og partnerne i konsortiet.
- Konsortiepartnerne må skrive under på målsetningene i koordinatorens Erasmus-plan.
- Konsortiepartnerne trenger ikke å være identifisert når man søker om å bli akkreditert.
- Konsortiepartnere kan skiftes ut i løpet av programperioden.
- Søknadsfrist 19.oktober 2021 for i år
- Sjekk: Direktoratet for høyere utdanning og kompetanse (tidligere DIKU):  
<https://hkdir.no/>



# Erasmus + Vaksenopplæring – mobilitet 2017-2019 og 2019-2021

1. 2017: Wroclaw, Polen. IFLA World Library and Information Congress – 3 deltakarar
2. 2017: London: Internet Librarian International. Konferanse – 4 deltakarar
3. 2018: Jobbskugging – ei veke rundreise i Nederland – 8 deltakarar
4. 2019: Jobbskugging – ei veke rundreise på Jylland – 8 deltakarar
5. 2019: London: Internet Librarian. Konferanse- 4 deltakarar
6. 2019: Next Library, Århus. Konferanse – 1 deltakar
7. 2021: Jobbskugging – ei veke til Helsinki – 12 deltakarar
8. 2021: Jobbskugging – ei veke i Västres Götaland, Halland og Skåne – 8 deltakarar

Deltaking blir lyst ut til folkebibliotektilsette i Hordaland, frå 2020 i Vestland

Til slutt: litt nostalgi. Takk for meg!

